Preses Olav Fykse Tveit

Stavanger domkyrkje, 22. november 2026

Vigslingstale til biskop Tor Magne Nesvik

Kjære Tor Magne,

Då du vart utnemnd til biskop, sa du at du hadde lagd ei liste med 50 grunnar til at det går godt med Den norske kyrkja. I dag kan vi i alle fall legge til èin ny god grunn: Du vert vigsla til Stavanger biskop. Vi gler oss over din optimistiske måte å gå inn i oppgåva på.

Du representerer ein ny generasjon i denne tenesta. Slik har det vore så mange gonger før, i alle 900 år når nye biskopar har vorte vigsla. For det å verte biskop handlar faktisk også om å sjølv kome på ei liste, ei rekkje av biskopar. Du er den 47. Stavanger biskop, den 71. om ein tek med dei åra Stavanger låg under Kristiansand, og den 12. etter at bispedømmet vart gjenoppretta i 1925.

Reinald, han som kom fyrst i rekkja, kom frå England. Han var ikkje den første som kom til våre strender, øyer og fjordar for å forkynne den kristne trua. Sannsynlegvis var det hit dei første misjonærar til Noreg kom, og vi finn krossar og andre spor etter dei frå fleire hundreår tidlegare.

Stavanger er eitt av dei eldste bispedømma i landet. Stavanger domkyrkje, som Reinald fekk starta bygginga av, står her som eit heilt unikt uttrykk for denne samanhengen. Som renovert og fornya er ho også eit tydeleg teikn på korleis kontinuitet og fornying høyrer i hop. Slik er det også når ein ny biskop vert vigsla.

Men det er ei endå lengre rekkje du no går inn i, som er endå meir definerande for kvar du no er. Det er ei rekkje av overlevering av

den apostolske oppgåva det er å vere biskop frå dei første tidene i kyrkjas historie.

Apostelen Paulus skriv til sin elev og ven Timoteus på ein måte som gjer Timoteus til eit førebilete på dei som sidan fekk rolla som biskop i alle generasjonar etter han. Berre høyr frå Andre Timoteusbrev:

«Ha dei sunne ord som du har høyrt av meg, til føredøme, og stå fast i den tru og kjærleik som vi har i Kristus Jesus. Ta vare på den fagre skatten som er deg tiltrudd! Den Heilage Ande som bur i oss, skal hjelpa deg til det.

Så ver då sterk, son min, ved nåden i Kristus Jesus. Og det du har høyrt av meg i nærvære av mange vitne, skal du overgje til pålitelege menneske som duger til å læra andre.»

(2 Tim 1, 13-14 og 2, 1-2).

Du går inn i rekkja etter dei første apostlane. Det er ei overlevering av oppdraget som var gitt av Kristus Jesus sjølv for å forkynne og formidle evangeliet i heile verda.

Det heng saman. Kjenn litt på det. Det er ei særdeles interessann historieforteljing derifråmed mange slags vendingar, både brot og samanhengar.

Denne kontinuiteten har gått vidare gjennom det apostolske oppdrag i å formidle evangeliet. Det kom hit først som eit resultat av misjon frå Vest, så i ein kyrkjeorganisasjon organisert av erkebiskopen og paven, så etter reformasjonen i ei evangelisk-luthersk kyrkje organisert under Kongen, til der vi er no i ei sjølvstendig evangelisk-luthersk folkekyrkje der du er tilsatt av eit demokratisk vald Kyrkjeråd.

Denne samanhengen markerer vi ikkje minst når vi er fleire biskopar, andre vigsla og lekfolk her, og vi inviterer representantar frå andre kyrkjer til å vere med og be for deg. Det er vi vorte endå

meir medvitne om når kontakten med kyrkjer utanfor Noreg, både dei lutherske i Norden og dei anglikanske kyrkjene på dei britiske øyene er vorte forsterka, og med Metodistkyrkja i Noreg. Det skjer i vår tid gjennom eigne avtalar og samarbeid, slik som de har med bispedømmet i Carlisle. I dette fellesskapet anerkjenner vi kvarandre med felles røtter tilbake til dei første apostlane.

Dette er ei økumenisk anerkjenning av din bispestol og ditt bispedømme.

Og det gjeld oss alle. Apostel tyder «den som er sendt». Det definerer oss som kyrkje, som fellesskap, sendt med evangeliet. Difor er kyrkja apostolisk, som vi seier i truvedkjenninga kvar sundag.

Kva gjer eit slikt perspektiv på det vi i dag er med på? Kva gjer det med deg?

Eg vil peike på tre dimensjonar som vert tydelegare når du ser på denne dagen slik.

For det første: «Ta vare på den fagre skatten du har fått tiltrudd!» Det er tydelegare i ein slik overgang, i ei slik overlevering av oppdraget, at det er ein «skatt» det er tale om. Det verkar som at fleire, ikkje minst unge menneske, oppdagar at det er ein skatt kyrkja har. Det er noko dei ikkje berre vil finne, som i ein rebus, men få del i, bli ein del av.

Det er ei heilt spesielt interessant oppgåve å verte biskop akkurat no. Du skal sørge for at kallet som dei første apostlane fekk blir utført: Evangeliet som kan frelse menneske, som kan gi håp, skal takast vare på. Slik at mange kan finne denne skatten.

Det er verdt å merke seg når det å vere «apostolisk» kan handlar om å ha ein riktig historisk definisjon av kyrkja, eller å ha rett i diskusjonar om Bibel-tolkning. La meg sitere:

«Apostolisk tradisjon i kirken betyr kontinuitet i det som er de faste kjennetegn ved apostlenes kirke: Vitnesbyrd om den apostoliske tro, forkynnelse og nytolkning av evangeliet, feiring av dåp og nattverd, overlevering av embetsansvar, fellesskap i bønn, kjærlighet, glede og lidelse, tjeneste for de syke og trengende, fellesskap blant de lokale kirkene og å dele de gavene som Herren har gitt til alle.» (Porvoo-avtalen, paragraf 36.)

Det er eit vesentleg poeng i vår felles avtale om luthersk og anglikansk kyrkjeleg fellesskap i Norden, Baltikum og dei britiske øyer (Porvoo-avtalen).

For det andre: Det å ta vare på denne skatten betyr faktisk å gje den vidare. Det kan verke litt paradoksalt, at å ta vare på noko er å gi det vidare. I eit arveoppgjer og opprydning etter tidlegare generasjonar, kan det vere eit og anna ein tenkjer at dette treng vi vel ikkje. Og kanskje gir vi det til gjenbruksbutikken til NMS.

Men her handlar det altså ikkje om å kvitte seg med noko. Tvert om. Det er når vi gir vidare, at vi tek vare på det. Det skjer når du motiverer, kallar og vigslar og sender vidare andre til kyrkjeleg teneste, eller når du utfører dine kjerneoppgåver i di forkynning og di forvaltning av dåpen og nattverden. Det er slik du verkeleg tar vare på denne skatten.

Dette kallet har fått sterke og vedvarande uttrykk i dette bispedømmet ved den sterke misjonshistoria her. Det gjeld korleis bispedømmet er blitt til, og at misjon har prega kyrkjelivet her dei siste to hundreåra. Det er i denne samanhengen du skal vere biskop og motivere til å gje vidare det vi har frå Jesus Kristus. Denne samanhengen er meir enn ein vakker tanke, den vert veldig konkret i dag. Frå apostlane si tid til i dag. Og i dag til deg.

For det tredje: Det er faktisk deg som menneske, som personen Tor Magne, det handlar om. Tilsynstenesta som biskop vert utøvd personleg, kollegialt og innanfor det kyrkjelege fellesskapet. Det er

ikkje eit lite oppdrag. Men det er berre menneske som får det. Og vi er berre menneske vi som får det. Men vi får det, som oss sjølve.

Slik Jesus sjølv var sendt frå Gud, som eit sant menneske, sette han andre menneske til å gje vidare det himmelske budskapet. Midt i den verdslege verkelegheita, som også er Guds verd.

Ho kan opplevast både god og vond, rett og vrang. Og vi kan vere både sterke og sårbare, kloke og feilbarlege. Men det er berre i den verda slik ho er at vi kan vere kyrkje, der og ingen andre stader. Og det er berre i den tida vi lever i slik ho er, at du kan og skal vere biskop.

For du er mykje meir enn berre eit nummer i ei rekkje. No er det deg Gud har kalt. Det er deg vi legg vår hand på, heilt fysisk, når vi ber for deg og di apostolske teneste.

Og fordi det er noko djupt menneskeleg er det også noko djupt åndeleg. Du er kalt til å be og arbeide, til gjere og lage åndsverk i møter med andre menneske.

I ei tid der vi drøftar kva Kunstig intelligens (KI) kan hjelpe oss med, vert det endå tydelegare kor viktig det er at det er vi som menneske, med vår kropp, vår sjel og vår ånd som utfører våre oppgåver. For det handlar om «stå fast *i den tru og kjærleik* som er gitt oss i Kristus Jesus».

Det er dette det handlar om. Kvar dag. Kvar natt. Kvar stad, kvar kyrkjelyd. I kvart bispedømme. I kvart land.

Det er dette som held kyrkja saman som èi, heilag, apostolsk og allmenn kyrkje.

Det er denne skatten du skal ta vare på og gje vidare.

«Den Heilage Ande som bur i deg, skal hjelpa deg til det.»